



Saksnr: 2011/1233

Løpenr: 13719/2012  
Arkivkode: A10

Dato: 24.03.2015.

## Samarbeidsavtale mellom private barnehagar og Lindås kommune – byggjer på mønsteravtale mellom KS og PBL

### 1 Føremål

Denne samarbeidsavtalen (heretter kalla avtalen) skal vera med å regulera eit godt samarbeid mellom Alversund Montessori barnehage (heretter kalla barnehagen) og Lindås kommune (heretter kalla kommunen) i samsvar med regelverket i barnehagelov, tilhøyrande forskrifter og Barnehageplan 2012-2015.

Avtalen skal vera med å sikra målet om eit trygt og godt tilbod for born og foreldre/føresette. Innhaldet i barnehagen er fastsett i LOB § 2 og utdjupa i rammeplanen. I Meld.ST.24 (2012-2013) "Framtidens barnehage" skildrar regjeringa sine mål for dei komande åra slik:

- Retten til plass blir innfridd.
- Det skal vera likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.
- Alle barnehagar skal vera ein god arena for omsorg, leik, læring og danning.
- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.
- Prisen skal vera så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å ha barn i barnehage.

Kommunen og barnehagane skal saman arbeida for å nå desse måla.

Vidare er det eit mål at denne avtalen skal avklara praktisk samarbeid og reglar for utvikling av god barnehagedrift med høg kvalitet på tilbodet i kommunen.

Begge partar skal bidra til at prosessen med fastsetjing av kommunale tilskot vert open og tillitsvekkande.

Der kommunen i avtalen viser til kontaktperson, er dette rådgjevar barnehage.

### 2 Godkjenning av barnehagen

Barnehagen får ved inngåing av denne avtalen stadfesta tidlegare godkjenning. Godkjenning etter lov om barnehage (høgste tal plassar som kan krevjast tilskot for) som vart gjort av kommunen ved vedtak av 12.11.2015 vert tatt inn i denne avtalen.

Alversund Montessori barnehage er godkjent for i alt 72 barn over 3 år. Barnehagen er elles godkjent av miljøretta helsevern den 16.05.2007.

### **3 Opptak og informasjon om tilbodet**

#### **3.1 Generelt**

Kommunen skal leggja til rette for, og leia ein samordna opptaksprosess. Opptaket skal vera i samsvar med Lov om barnehage § 12, Barnehageplanen, felles retningsliner og dei private barnehagane sine vedtekter.

Barnehagen skal halda kommunen oppdatert om endring i barnetalet, og om opptak som skjer utom hovudopptak. Barnehagen informerer kontaktperson om endringane på e-post.

Kommunen nytter edb-verktøy i opptaket, og skal på best mogleg vis gje barnehagen tilgang til ynskt informasjon om utviklinga i opptaket, slik at barnehagen kan vurdera/kontrollera at opptaket skjer på ein likeverdig måte.

#### **3.2 Tilbodsoversikt**

I samband med hovudopptaket vert det lagt ut nytt elektronisk søknadsskjema på heimesida til Lindås kommune. I forkant av dette må barnehagen sikre at alle opplysingane i Visma, og det som allereie ligg på heimesida til Lindås, er rett. Frist for barnehagen å melde endringar på e-post til kontaktperson, vert sett til 01.12.

#### **3.3 Opptak**

Barnehagen skal, så lenge det ikkje er i strid med barnehagen sine vedtekter, gjennomføra eit opptak som har som 1. prioritet å tildela plass til born i kommunen med rett til plass jfr. barnehagelova §12a.

Private barnehagar kan vedtektsfesta eigne kriteria for opptak.

Det er utarbeidd retningsliner og rutinar for opptaket. Desse er ikkje ein del av sjølve avtalen, men eit dokument i tillegg til avtalen. Rutinane vil verte reviderte kvart år før hovudopptak.

Born med nedsett funksjonsevne og born som det er fatta vedtak om etter barnevernslova § 4-12 og § 4-4- andre og fjerde ledd, har prioritet ved opptak i samsvar med § 13 i barnehagelova.

### **4 Tilskot, rapportering og moderasjonsordningar**

#### **4.1 Kommunalt tilskot til ordinær drift**

Barnehagen har rett til kommunalt tilskot i samsvar med gjeldande regelverk (forskrift om likeverdig behandling av 29.10.2010).

Punkt 4.1 i avtalen følgjer statlege forskrifter og reglar, og vil endrast ved evt. nytt regelverk.

Lindås kommune legg til grunn Staten sine satsar i samband med utbetaling av kapitaltilskot i samsvar med vedtak fatta i kommunestyret.

#### **4.2 Utbetaling av tilskot og refusjonar**

Kommunalt driftstilskot blir utbetalt på forskot for 1. kvartal. Dette er basert på satsane frå året før. Justert sats i samsvar med budsjettvedtak vert utbetalt per 01. i kvar månad frå april.

Kommunen gjev søskenmoderasjon i samsvar med statlege forskrifter, dvs. 30 % for barn nr 2 i familien, og 50 % for barn nr 3 osv.

*Søskenmoderasjon vert gitt når søsken bur saman fast. Søsken må ha same bustadadresse i kommunen for å kunne få innvilga søskenmoderasjon.*

*Søsken blir definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken. Lindås kommune definerer det eldste barnet som barn nummer 1 i ei søskenrekke.*

Søskenmoderasjon vert refundert barnhagane to gonger i året, i desember og juni. Barnehagen sender liste over søsken til kontaktperson, frist 01.06 og 01.12. Søsken i ulike barnehagar i kommunen får søskenmoderasjon etter same regelverk. Born busett i andre kommunar, med barnehageplass i Lindås, vert gitt lovbestemt moderasjon.

Midlar i samband med styrkingsvedtak til barnehagen vert overført til barnehagen samstundes med at vedtak vert gjort.

Midlar i samband med vedtak om assistent § 5.7 vert overført til barnehagen når vedtak vert gjort. Vil gjelde frå barnehageåret 2015/2016.

Midlar vert gitt etter gjeldane timesats. Denne vil verte justert kvart år lik løns- og prisstiging i statsbudsjettet

Dersom barn med enkeltvedtak/styrking sluttar eller tiltaket vert avslutta i løpet av året, må kompensasjonen betalast tilbake. Barnehagen pliktar å melde frå om dette på eige initiativ.

#### **4.3 Rapportering / økonomisk informasjon**

„Årsmelding for barnehager per 15.12“ skal leverast kommunen innan den datoén kommunen fastset. Rapporteringa skjer via den web-baserte løysinga BASIL.

Barnehagen skal, utan ugrunna opphold, gje kommunen den økonomiske informasjonen kommunen har krav på ut frå lov og forskrift. Endring i refusjonsgrunnlaget etter kommunen sine moderasjonsordningar skal rapporterast til kommunen straks slik endring oppstår.

Barnehagen sitt årsrekneskap: ”Årsrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar” skal leverast kommunen innan den datoén kommunen fastset. Rapporteringa skjer via den web-baserte løysinga BASIL.

#### **4.4 Inntektsgraderte satsar**

Frå 1. mai 2015 skal ingen hushald betale meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass.

#### **4.5 Fripass for funksjonshemma**

Det kan søkjast om fripass i barnehage for barn med omfattande funksjonshemmning jamfør vedtak i kommunestyret 16. juni 2011.

#### **4.6 Barn med spesialpedagogisk hjelp**

Refusjon av foreldrebetaling som følgje av at born mottar spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7, vert utbetalt direkte til foreldre/føresette to gonger i året, i desember og juni.

#### **4.7 Andre tilskotsordningar**

Barnehagen kan søkja kommunen om styrkingstilskot til barnegruppa når det er særleg trond for det. Søknadsfristen er 01.05.

Det skal utarbeidast søknadsskjema og vurderingsskjema til bruk ved styrkingssøknader. Desse er ikkje ein del av sjølve avtalen, men eit dokument i tillegg til avtalen. Skjema ligg på nett. Frist for rapportering 01.07.

Tilskot for minoritetsspråklege barn vert tildelt barnehagen to gonger i året basert på tal barn med minoritetsbakgrunn i barnehagen jamfør årsmelding. Barnehagen sender ikkje søknad om dette. Vurderingsskjema for bruk av midlane ligg på nett. Frist for rapportering er 01.07.

### **5 Kompetanse og kvalitet i barnehagen**

#### **5.1 Kurs, etter- og vidareutdanning**

Det er eit arbeidsgjevaransvar å sørja for kompetanseheving og tilrettelegging av kurs, etter- og vidareutdanning. Styrarane har laga ein langsigktig kompetanseplan for barnehagane i Lindås. Planen er vedteken i styrarmøte. Kompetanseplanen for Lindås byggjer på statlege føringer og vert sett i samanheng med Nordhordland kursregion sin plan. Denne vil jamleg verte evaluert.

Program for sosial utvikling, som kommunen har valt, bør brukast av alle barnehagane. Kommunen er merksam på at så lenge det ikkje er likt økonomisk grunnlag for alle barnehagane, skal "obligatorisk" deltaking vera avgrensa. (DUÅ)

#### **5.2 Kompetanseutviklingstiltak og kvalitet i barnehagen**

Kommunen gjev barnehagen tilbod om kompetanseheving ut frå statlege føringer, tilbod gjennom Nordhordland kursregion og barnehagane i Lindås sin eigen kompetanseplan.

### **5.3 Tilsyn**

Kommunen skal føra tilsyn med barnehagen minst ein gong kvart 4. år. Som hovudregel vil det vera rådgjevar barnehage og ein barnehagertilsett frå anna kommune som skal gjennomføra tilsynet. Tilsynet kan og vera eit skriftleg tilsyn utan oppmøte.

### **5.4 Brukarundersøking**

Som eit ledd i kvalitetsutviklinga bør barnehagen delta i felles brukarundersøking. Dette punktet må greiast meir ut.

### **5.5 Medverknad barnehageplan**

Ved rullering av barnehageplan skal dei private barnehagane involverast.

### **5.6 Møtepunkt**

Rådmannen ved rådgjevar barnehage har styrarsamlingar med alle barnehagane i kommunen omlag ein gong i månaden. Her skal barnehagen vera representert. Innhaldet i møta er bestemt i eit samarbeid mellom rådmann og styrarane. Ønskje om ulike kurs / kompetansetiltak vert også drøfta i desse møta.

## **6 Anna**

### **6.1 Varslingsplikt ved opphør**

Dersom barnehagen vil innstilla verksemda, skal varsle om dette sendast foreldre/føresette og kommune snarast. Ved planlagt avvikling ved utgangen av barnehageåret skal kommunen varslast innan 1. desember i avviklingsåret.

### **6.2 Opphør ved drift**

Dersom barnehagen avsluttar drifta utan å overføra denne til annan ikkje-kommunal barnehage, bør barnehagen på eige initiativ, og så tidleg som mogeleg, tilby kommunen å kjøpa bygning, fastmontert utstyr og driftstilbehør inne- og utandørs og /eller tomt, som barnehagen eig. Barnehagen bør og tilby kommunen å tre inn i eventuell festekontrakt til tomt. Kommune har ikkje plikt til å ta mot tilbodet.

Vederlag for overtaking skal skje etter avtale, eventuelt etter takst utført av takstmann godkjent av begge partar.

### **6.3 Attestar**

Kopi av skatte-/avgiftsattest skal leverast kommunen på førespurnad.

## **7 Formalitetar ved avtalen**

### **7.1 Avtaleperiode**

Denne avtalen gjeld så lenge barnehagen er godkjent og vert driven i samsvar med Lov om barnehagar. Pkt. 2 om godkjenning vert justert automatisk i samsvar med eit kvart nytt vedtak i kommunen om godkjenning etter barnehagelova.

### **7.2 Endringar**

Dersom vilkåra for barnehagedrift vert endra vesentleg ved lov eller forskrift, kan kvar av partane forlanga tilpassing av avtalen. Vert partane ikkje einige i slike tilfelle, kan avtalen seiest opp med 3 - tre månaders skriftleg varsel. Elles kan avtalen endrast når partane er einige om det.

Samarbeidsavtalen vil verta rullert anna kvart år.

### **7.3 Tvisteløysingar**

Partane skal søkja å løysa mogelege tvistar knytt til avtalen ved forhandlingar seg i mellom, eventuelt med støtte frå KS og barnehagen sin organisasjon/eigar.

Elles kan tvistar knytt til denne avtalen avklarast etter dei vanlege reglar om søksmål etter tvistelova. Tvist om tildeling av tilskot etter barnehagelova og forskrift om likeverdig behandling av 29.10.2010, skal handsamast i samsvar med forskrifta sine reglar om administrativ klage, eventuelt etter vanlege reglar om søksmål.

Avtalen er inngått (dato) 03.12. 2015 (stad) Alversund.

---

For Lindås kommune

Inga F. Hellkar

---

For barnehagen



LINDÅS KOMMUNE

## SAMARBEIDSavTALE

MELLOM LINDÅS KOMMUNE OG PRIVATE BARNEHAGAR





LINDÅS KOMMUNE

RÄDMANNEN

Saksnr: 2011/1233

Løpenr: 13719/2012  
Arkivkode: A10

Dato: 24.03.2015.

## **Samarbeidsavtale mellom private barnehagar og Lindås kommune – byggjer på mønsteravtale mellom KS og PBL**

### **1 Føremål**

Denne samarbeidsavtalen (heretter kalla avtalen) skal vera med å regulera eit godt samarbeid mellom Alversund Montessori barnehage (heretter kalla barnehagen) og Lindås kommune (heretter kalla kommunen) i samsvar med regelverket i barnehagelov, tilhøyrande forskrifter og Barnehageplan 2012-2015.

Avtalen skal vera med å sikra målet om eit trygt og godt tilbod for born og foreldre/føresette. Innhaldet i barnehagen er fastsett i LOB § 2 og utdjupa i rammeplanen. I Meld.ST.24 (2012-2013) "Framtidens barnehage" skildrar regjeringa sine mål for dei komande åra slik:

- Retten til plass blir innfridd.
- Det skal vera likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.
- Alle barnehagar skal vera ein god arena for omsorg, leik, læring og danning.
- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.
- Prisen skal vera så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å ha barn i barnehage.

Kommunen og barnehagane skal saman arbeida for å nå desse måla.

Vidare er det eit mål at denne avtalen skal avklara praktisk samarbeid og reglar for utvikling av god barnehagedrift med høg kvalitet på tilbodet i kommunen.

Begge partar skal bidra til at prosessen med fastsetjing av kommunale tilskot vert open og tillitsvekkande.

Der kommunen i avtalen viser til kontaktperson, er dette rådgjevar barnehage.

### **2 Godkjenning av barnehagen**

Barnehagen får ved inngåing av denne avtalen stadfesta tidlegare godkjenning. Godkjenning etter lov om barnehage (høgste tal plassar som kan krevjast tilskot for) som vart gjort av kommunen ved vedtak av 12.11.2015 vert tatt inn i denne avtalen.

Alversund Montessori barnehage er godkjent for i alt 72 barn over 3 år. Barnehagen er elles godkjent av miljøretta helsevern den 16.05.2007.

### **3 Opptak og informasjon om tilbodet**

#### **3.1 Generelt**

Kommunen skal leggja til rette for, og leia ein samordna opptaksprosess. Opptaket skal vera i samsvar med Lov om barnehage § 12, Barnehageplanen, felles retningsliner og dei private barnehagane sine vedtekter.

Barnehagen skal halda kommunen oppdatert om endring i barnetalet, og om opptak som skjer utom hovudopptak. Barnehagen informerer kontaktperson om endringane på e-post.

Kommunen nytter edb-verktøy i opptaket, og skal på best mogleg vis gje barnehagen tilgang til ynskt informasjon om utviklinga i opptaket, slik at barnehagen kan vurdera/kontrollera at opptaket skjer på ein likeverdig måte.

#### **3.2 Tilbodsoversikt**

I samband med hovudopptaket vert det lagt ut nytt elektronisk søknadsskjema på heimesida til Lindås kommune. I forkant av dette må barnehagen sikre at alle opplysningane i Visma, og det som allereie ligg på heimesida til Lindås, er rett. Frist for barnehagen å melde endringar på e-post til kontaktperson, vert sett til 01.12.

#### **3.3 Opptak**

Barnehagen skal, så lenge det ikkje er i strid med barnehagen sine vedtekter, gjennomføra eit opptak som har som 1. prioritet å tildela plass til born i kommunen med rett til plass jfr. barnehagelova §12a.

Private barnehagar kan vedtektsfesta eigne kriteria for opptak.

Det er utarbeidd retningsliner og rutinar for opptaket. Desse er ikkje ein del av sjølve avtalen, men eit dokument i tillegg til avtalen. Rutinane vil verte reviderte kvart år før hovudopptak.

Born med nedsett funksjonsevne og born som det er fatta vedtak om etter barnevernslova § 4-12 og § 4-4- andre og fjerde ledd, har prioritet ved opptak i samsvar med § 13 i barnehagelova.

### **4 Tilskot, rapportering og moderasjonsordningar**

#### **4.1 Kommunalt tilskot til ordinær drift**

Barnehagen har rett til kommunalt tilskot i samsvar med gjeldande regelverk (forskrift om likeverdig behandling av 29.10.2010).

Punkt 4.1 i avtalen følgjer statlege forskrifter og reglar, og vil endrast ved evt. nytt regelverk.

Lindås kommune legg til grunn Staten sine satsar i samband med utbetaling av kapitaltilskot i samsvar med vedtak fatta i kommunestyret.

#### **4.2 Utbetaling av tilskot og refusjonar**

Kommunalt driftstilskot blir utbetalt på forskot for 1. kvartal. Dette er basert på satsane frå året før. Justert sats i samsvar med budsjettvedtak vert utbetalt per 01. i kvar månad frå april.

Kommunen gjev søskenmoderasjon i samsvar med statlege forskrifter, dvs. 30 % for barn nr 2 i familien, og 50 % for barn nr 3 osv.

*Søskenmoderasjon vert gitt når søsken bur saman fast. Søsken må ha same bustadadresse i kommunen for å kunne få innvilga søskenmoderasjon.  
Søsken blir definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken. Lindås kommune definerer det eldste barnet som barn nummer 1 i ei søskenrekke.*

Søskenmoderasjon vert refundert barnhagane to gonger i året, i desember og juni. Barnehagen sender liste over søsken til kontaktperson, frist 01.06 og 01.12. Søsken i ulike barnehagar i kommunen får søskenmoderasjon etter same regelverk. Born busett i andre kommunar, med barnehageplass i Lindås, vert gitt lovbestemt moderasjon.

Midlar i samband med styrkingsvedtak til barnehagen vert overført til barnehagen samstundes med at vedtak vert gjort.

Midlar i samband med vedtak om assistent § 5.7 vert overført til barnehagen når vedtak vert gjort. Vil gjelde frå barnehageåret 2015/2016.

Midlar vert gitt etter gjeldane timesats. Denne vil verte justert kvart år lik løns- og prisstiging i statsbudsjettet

Dersom barn med enkeltvedtak/styrking sluttar eller tiltaket vert avslutta i løpet av året, må kompensasjonen betalast tilbake. Barnehagen pliktar å melde frå om dette på eige initiativ.

#### **4.3 Rapportering / økonomisk informasjon**

„Årsmelding for barnehager per 15.12“ skal leverast kommunen innan den datoén kommunen fastset. Rapporteringa skjer via den web-baserte løysinga BASIL.

Barnehagen skal, utan ugrunna opphold, gje kommunen den økonomiske informasjonen kommunen har krav på ut frå lov og forskrift. Endring i refusjonsgrunnlaget etter kommunen sine moderasjonsordningar skal rapporterast til kommunen straks slik endring oppstår.

Barnehagen sitt årsrekneskap: „Årsrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar“ skal leverast kommunen innan den datoén kommunen fastset. Rapporteringa skjer via den web-baserte løysinga BASIL.

#### **4.4 Inntektsgraderte satsar**

Frå 1. mai 2015 skal ingen hushald betale meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass.

#### **4.5 Fripass for funksjonshemma**

Det kan søkjast om fripass i barnehage for barn med omfattande funksjonshemmning jamfør vedtak i kommunestyret 16. juni 2011.

#### **4.6 Barn med spesialpedagogisk hjelp**

Refusjon av foreldrebetaling som følgje av at born mottar spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7, vert utbetalt direkte til foreldre/føresette to gonger i året, i desember og juni.

#### **4.7 Andre tilskotsordningar**

Barnehagen kan søkja kommunen om styrkingstilskot til barnegruppa når det er særleg trøng for det. Søknadsfristen er 01.05.

Det skal utarbeidast søknadsskjema og vurderingsskjema til bruk ved styrkingssøknader. Desse er ikkje ein del av sjølvé avtalen, men eit dokument i tillegg til avtalen. Skjema ligg på nett. Frist for rapportering 01.07.

Tilskot for minoritetsspråklege barn vert tildelt barnehagen to gonger i året basert på tal barn med minoritetsbakgrunn i barnehagen jamfør årsmelding. Barnehagen sender ikkje søknad om dette. Vurderingsskjema for bruk av midlane ligg på nett. Frist for rapportering er 01.07.

### **5 Kompetanse og kvalitet i barnehagen**

#### **5.1 Kurs, etter- og vidareutdanning**

Det er eit arbeidsgjevaransvar å sørgra for kompetanseheving og tilrettelegging av kurs, etter- og vidareutdanning. Styrarane har laga ein langsiktig kompetanseplan for barnehagane i Lindås. Planen er vedteken i styrarmøte. Kompetanseplanen for Lindås byggjer på statlege føringer og vert sett i samanheng med Nordhordland kursregion sin plan. Denne vil jamleg verte evaluert.

Program for sosial utvikling, som kommunen har valt, bør brukast av alle barnehagane. Kommunen er merksam på at så lenge det ikkje er likt økonomisk grunnlag for alle barnehagane, skal "obligatorisk" deltaking vera avgrensa. (DUÅ)

#### **5.2 Kompetanseutviklingstiltak og kvalitet i barnehagen**

Kommunen gjev barnehagen tilbod om kompetanseheving ut frå statlege føringer, tilbod gjennom Nordhordland kursregion og barnehagane i Lindås sin eigen kompetanseplan.

### **5.3 Tilsyn**

Kommunen skal føra tilsyn med barnehagen minst ein gong kvart 4. år. Som hovudregel vil det vera rådgjevar barnehage og ein barnehagetilsett frå anna kommune som skal gjennomføra tilsynet. Tilsynet kan og vera eit skriftleg tilsyn utan oppmøte.

### **5.4 Brukarundersøking**

Som eit ledd i kvalitetsutviklinga bør barnehagen delta i felles brukarundersøking. Dette punktet må greiast meir ut.

### **5.5 Medverknad barnehageplan**

Ved rullering av barnehageplan skal dei private barnehagane involverast.

### **5.6 Møtepunkt**

Rådmannen ved rådgjevar barnehage har styrarsamlingar med alle barnehagane i kommunen omlag ein gong i månaden. Her skal barnehagen vera representert. Innhaldet i møta er bestemt i eit samarbeid mellom rådmann og styrarane. Ønskje om ulike kurs / kompetansetiltak vert også drøfta i desse møta.

## **6 Anna**

### **6.1 Varslingsplikt ved opphør**

Dersom barnehagen vil innstilla verksemda, skal varsel om dette sendast foreldre/føresette og kommune snarast. Ved planlagt avvikling ved utgangen av barnehageåret skal kommunen varslast innan 1. desember i avviklingsåret.

### **6.2 Opphør ved drift**

Dersom barnehagen avsluttar drifta utan å overføra denne til annan ikkje-kommunal barnehage, bør barnehagen på eige initiativ, og så tidleg som mogeleg, tilby kommunen å kjøpa bygning, fastmontert utstyr og driftstilbehør inne- og utandørs og /eller tomt, som barnehagen eig. Barnehagen bør og tilby kommunen å tre inn i eventuell festekontrakt til tomt. Kommune har ikkje plikt til å ta mot tilbodet.

Vederlag for overtaking skal skje etter avtale, eventuelt etter takst utført av takstmann godkjent av begge partar.

### **6.3 Attestar**

Kopi av skatte-/avgiftsattest skal leverast kommunen på førespurnad.

## **7 Formalitetar ved avtalen**

### **7.1 Avtaleperiode**

Denne avtalen gjeld så lenge barnehagen er godkjent og vert driven i samsvar med Lov om barnehagar. Pkt. 2 om godkjenning vert justert automatisk i samsvar med eit kvart nytt vedtak i kommunen om godkjenning etter barnehagelova.

### **7.2 Endringar**

Dersom vilkåra for barnehagedrift vert endra vesentleg ved lov eller forskrift, kan kvar av partane forlanga tilpassing av avtalen. Vert partane ikkje einige i slike tilfelle, kan avtalen seiast opp med 3 - tre månaders skriftleg varsel. Elles kan avtalen endrast når partane er einige om det.

Samarbeidsavtalen vil verta rullert anna kvart år.

### **7.3 Twisteløysingar**

Partane skal søkja å løysa mogelege twistar knytt til avtalen ved forhandlingar seg i mellom, eventuelt med støtte frå KS og barnehagen sin organisasjon/eigar.

Elles kan twistar knytt til denne avtalen avklarast etter dei vanlege reglar om søksmål etter twistelova. Twist om tildeling av tilskot etter barnehagelova og forskrift om likeverdig behandling av 29.10.2010, skal handsamast i samsvar med forskrifta sine reglar om administrativ klage, eventuelt etter vanlege reglar om søksmål.

Avtalen er inngått (dato) 03.12.2015 (stad) Alversund.

---

For Lindås kommune



---

For barnehagen